

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 10.03.2009
Frå: Administrerende direktør
Sakshandsamar: Gjertrud Jacobsen
Saka gjeld: **Gjennomgang og evaluering av nasjonale tenester**

Styresak 033/09 O

Administrerende direktør si orientering pkt 5

Styremøte 01.04. 2009

Dei regionale helseføretaka har i oppdragsdokumenta for 2008 og 2009 fått i oppdrag å gjere ein gjennomgang og evaluering av lands- og fleirregionale funksjonar og nasjonale kompetansesentra (heretter omtalt som nasjonale tenester). Vidare skal ein vurdere behovet for nye tenester. Oppdraget blei nærare spesifisert i brev til føretaka 17. mars 2008. Rapporten "Framtidig organisering av høyspesialiserte tenester" som RHF-a utarbeidde under leiing av Helse Vest RHF i 2006 på oppdrag av Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) skal leggstil grunn for arbeidet. Helse Vest RHF har fått i oppdrag å leie arbeidet og det er etablert eit prosjekt der fagdirektørane i RHF-a utgjer styringsgruppa.

Prosjektet har etablert kriterium for etablering, endring og avvikling, resultatkrav og samansetning av og mandat for referansegrupper knytt til tenestene. Det er etablert ei eiga nettside for prosjektet og det er nå opna opp for å søke om nye tenester – både nasjonale kompetansesenter og lands- og fleirregionale funksjonar. Helseføretaka må søke om nye funksjonar vi RHF-a. RHF-a gjer ei samla vurdering av kva for søknader som skal prioriterast frå eigen region.

Vidare blir det etablert ei lang rekke arbeids- og utgreiingsgrupper som skal vurdere dei eksisterande tenestene. Det er totalt 33 landsfunksjonar (4 i Helse Vest), 9 fleirregionale funksjonar (6 i Helse Vest) og 45 nasjonale kompetansesenter (13 i Helse Vest) som blir vurdert.

Vedlagt følgjer brev som er sendt HOD med statusrapport for arbeidet så langt. RHF-a skal levere ei samla vurdering og framtidig plan til HOD 1. oktober 2009.

1 vedlegg